



Ein biolog frå Universitetet i Bergen var for få dagar sidan i Uskedalselva og under dykking like ved der elva renn ut talte han 160 fiskar frå ein halv til fire kilo.

Med dette som utgangspunkt har oppsynsmann Arne Terje Haugland ei sterk oppmoding til båtfolket: Ikkje køyr innover i elva med båtane slik at fisken blir forstyrra. Det er viktig at han får ro. Fiskesesongen startar natt til måndag.

Biletet over er imidlertid ikkje eit døme på forstyrrande adferd - det vart teke under andeløpet laurdag. Dei to i båten er igang med å plukka oppatt endene frå elva.

(Foto: Ola Matti Mathisen)